

Norsk 2

Norsk namn

Norsk 2

Undervisningsspråk

Norsk

Avdeling

Lærerutdanningane ved Høgskolen i Bergen, Høgskolen/Stord Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane

Studiepoeng

30 studiepoeng

Innleiing

Norsk 2 er eit vidaregåande kurs for lærarar som fortrinnsvis vil undervise i norsk på mellomsteget og ungdomssteget i grunnskolen. Kurset byggjer vidare på Norsk 1 og er ei fordjuping i norsk språk og litteratur og korleis ein kan jobbe med faget norsk i klasserommet.

Etter ny lov om lærarutdanning frå 2009 må ein lærar ha 60 studiepoeng norsk for å undervise i faget på ungdomssteget. Krava til lese- og skrivekompetanse har auka sterkt dei siste tiåra, og det er eit uttalt ønske at norsklærarane aukar kompetansen sin når det gjeld lesing og skriving. Norsk 2 set studentane i stand til å møte desse krava og fører studentane fram mot ein tilstrekkeleg kompetanse for å undervise på ungdomssteget.

Samhandling gjennom tekst er det berande prinsippet og det faglege grunnlaget for kompetanseutviklinga også i dette norskstudiet.

Organisering

Studiet er eit nett- og samlingsbasert deltidsstudium. Kurset er delt i to emne á 15 studiepoeng og er ei påbygging på Norsk 1 for allmennlærerutdanninga. Emne 1, Lesekunnskap, går hausten 2009, og emne 2, Språkdidaktikk, går våren 2010.

Det blir ei oppstartsamling på to dagar for kvart av dei to emna. Haustsamlinga vert arrangert i september, medan vårsamlinga vert arrangert i januar. Etter samlingane skal studentane arbeide individuelt og i studiegrupper. Bruk av nettet er sentralt, og alle studentane må disponere datamaskin med nett-tilgang.

Mykje av kunnskaps- og informasjonsutvekslinga vil skje i studiestøttesystemet Fronter, og ein føreset at studentane lærer å bruke denne læringsplattforma aktivt.

Normert studietid

1 år

Kompetanse / formell grad

Studiet avsluttar eit årsstudium (60 sp.) og gir kompetanse til å undervise i norsk i grunnskolen til og med ungdomssteget. Det kan også vere grunnlag for opptak til ulike masterstudium der norsk inngår.

Målgruppe

Lærarar som underviser/vil undervise på mellomsteget og ungdomssteget i grunnskolen, og som har 30 sp. norsk frå før.

Opptakskrav

Studiet byggjer på fullført norsk 1 (30 sp.). Studiet er eit ledd i regjeringa si satsing på varig vidareutdanning og rettar seg mot lærarar som arbeider i skolen og ønskjer å kvalifisere seg meir for norskundervisning.

Innhald

Emne 1, Lesekunnskap, vil ta for seg korleis ein kan vidareutvikle lese- og skriveferdigheitene til elevar på mellomsteget og ungdomssteget i grunnskolen. Kurset vil bl.a. ta for seg delemne som litteraturhistoriske lesingar, nynorsklitteraturen, lesing av samansette tekstar, bruk av digitale verktøy i litteraturundervisninga, læreplananalyse og vurdering.

Emne 2, Språkdidaktikk, tar for seg ulike språklege emne med relevans for undervisning i norsk språk på mellomsteget og ungdomssteget i grunnskolen. Kurset vil bl.a. ta for seg delemne som nynorskdidaktikk, norsk som andrespråk, talemål, språkhistorie, den andre skriveopplæringa, lese- og skrivevanskar, bruk av digitale verktøy i språkundervisninga, læreplananalyse og vurdering.

Undervisnings- og læringsformer

Studiet er organisert som ei blanding av samlingar, sjølvstudium, arbeid i studiegrupper og arbeid på nettet. Det er derfor heilt nødvendig at kvar student har lett tilgang til datamaskin med nett-tilkopling. I studiet legg ein stor vekt på studentaktive læringsformer, der studenten er både mottakar, aktiv deltakar, rettleiar for medstudentar og observatør. Det blir lagt stor vekt på studentaktivitet på alle felt.

Studentane skal gjennom studiet levere ti obligatoriske innleveringar, fem i kvart emne. Nokre av desse er individuelle, andre er gruppearbeid.

Læringsutbytte (mål)

Studenten skal etter fullført studium

- ha kunnskap om lesing og lesestrategiar
- ha kunnskap om arbeid med elevtekstar på mellomsteget og ungdomssteget
- kjenne til avgangsprøva i grunnskolen og nasjonale prøvar
- ha kunnskap om litteratur og litterære metodar og kunne bruke denne kunnskapen på ungdomssteget
- kunne leggje til rette for samanhengande undervisning i eldre og nyare litteratur i samsvar med kompetansemåla i LK06
- kunne arbeide med emnet samansette tekstar
- kunne bruke digitale verktøy i norskfaget
- kunne leggje til rette for arbeid med tekstar i ulike sjangrar i undervisningssamheng og sjølv kunne produsere slike tekstar

- kjenne til ulike former for elevvurdering som er aktuelle på ungdomssteget
- ha grunnleggjande kunnskap om undervisning i norsk som andrespråk
- kjenne til korleis ein som lærar kan oppdage lese- og skrivevanskar
 - ha kunnskap om sakprosasangrar og kunne leggje til rette for arbeid med slike sjangrar i skolen
 - kunne arbeide med nynorsk og sidemålsundervisning

Praksis

Det er ikkje eigen praksisdal, men nokre av innleveringane skal vere knytte til erfaringar og observasjon i eigen klasse.

Arbeidskrav

Studentane må levere ti arbeid for å få gå opp til eksamen, fem på kvart av emna. Minst to av innleveringane skal vere gruppearbeid. Tema for innleveringane blir kunngjorde ved studiestart. Begge målformer skal vere representerte.

Sluttvurdering (eksamen)

Emne 1

Individuell heimeeksamen ei veke i januar. Heimeeksamen er ei utdjuping og vidareutvikling av ei problemstilling frå dei innleverte arbeidskrava. Valfri målform.

Emne 2

To av dei fem innleveringane inngår i ei evalueringsmappe. Ei oppgåve blir bestemt av høgskulane, den andre er sjølvvald. Begge målformer skal vere representerte.

Endeleg innlevering av mappa vil vere i juni.

I begge eksamenane vert det nytta bokstavkarakterar frå A til F.

Pensum

Førebels pensumliste blir delt ut ved starten av studiet.